



## Notat

Dato: 18.04.2017  
Arkivsak: 2016/6087-3  
Saksbehandlar: annvedv

---

**Til:** Utval for Miljø og Samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Utsleppskrav for taxi

Ein viser til interpellasjon frå Geir Angeltveit, Hordaland Venstre.

Som det går fram av interpellasjonen vart yrkestransportlova § 9 endra frå 13. mars 2017, ved at det vart ført til eit nytt fjerde ledd slik:

*(4) Løyvestyresmakta kan gje påbod om at drosjekøyring etter første ledd skal drivast med motorvogn som har ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krava. Løyvestyresmakta fastset forskrift om den øvre grensa for miljøskadeleg utslepp.*

Lovendringa gjev løyvestyresmakta heimel til sjølv å kunna avgjera om det skal innførast ei øvre grense for miljøskadelege utslepp, og kva den øvre grensa skal vera.

Fylkeskommunen må først fastsetja den øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Deretter kan ein eventuelt innføra spesifikke miljøkrav for drosjar. Eventuell utsleppsgrense og miljøkrav skal gjelda i heile løyvedistriktet, dvs. i heile Hordaland fylke som er eitt løyvedistrikt. Lovendringa gjeld berre ordinære drosjer i personbilstorleik, ikkje bilar i storleik 10-17 sete/minibussar.

Samferdselsavdelinga i samarbeid med Regionalavdelinga v/klimate og naturressursseksjonen, har sett i gang arbeidet med å fastsetja ei øvre grense for miljøskadelege utslepp frå drosjebilparken i Hordaland. Arbeidet er omfattande med mange omsyn.

Fylkeskommunen har ansvar for at naudsynt infrastruktur er på plass før ein kan innføra miljøkrav for drosjane. Finansiering av infrastruktur tilpassa lokal drosjenæring som følgje av lokale pålegg om bruk av særskilt driftsmiddel i drosjenæringa, må finansierast av fylkeskommunen. Det er løyvestyresmakta som er nærast til å vurdere kva krav som må setjast med omsyn til tilgjengeleg infrastruktur og til behovet for investeringar.

Verknadene av å innføra spesifikke miljøkrav berre til drosjar, må vurderast grundig før det eventuelt vert fatta vedtak om innføring av slike krav. Ei slik vurdering må m.a. omfatta marknadstilbodet av bilar som reelt sett fyller minimumskrava som skal nyttast til yrkestransport av personar. Det gjeld både omsyn til storleik,

bagasjeplass og aksjonsradius. I tillegg må det takast omsyn til at drosjar er pålagt køyreplikt, i prinsippet 24 timar i døgnet.

Samferdselsavdelinga kjem attende med sak om utsleppsgrense.